

## Trur halvparten kører miljøbil i 2020

(NPK-NTB): Klimaprofessor Gunnar Eskeland trur halvparten av oss kører elektrisk bil eller plug-in hybridbil i 2020. Det vil kutta klimautsleppa for ein familie med 60 prosent.

– I framtida kan elbilen og plug-in hybridbilen overta fullstendig, seier klimaprofessor Gunnar Eskeland ved Norges Handelshøyskole i Bergen til Stavanger Aftenblad.

Han trur at halvparten av den norske personbilparken er sett saman av elbilar og plug-in hybridbilar innan 2020, kanskje før, viss styresmaktene tilpassar avgiftsnivået.

– Viss vi vil, kan dei vera ein dominerande del av bybiletet allereie i 2015, seier Eskeland.

Ifølgje klimaprofessoren har Noreg to år på seg til å leggja om avgiftspolitikken og tilretteleggja for eit massivt inntog av elektriske og plug-in hybrid køyrety. Elles går dei første bilane til forbrukarane i andre land og Noreg blir liggjande etter.

– Toyota har allereie kome veldig langt. GM og europeiske bilprodusentar følgjer etter. Om to år landar dei nye bilane i europeiske hamner. Då går dei første bilane dit etterspurnaden er størst, og den er størst der avgiftsnivået er best, seier Eskeland.

– Viss det blir ein så stor suksess som eg trur, blir det stort press på etterspurnaden, seier professoren.

## Bilførarar bulkar i 17. mai-stress

(NPK-NTB): Mai er ein farleg månad i trafikken. Talet på personskadar aukar med rundt 10 prosent frå april til mai, og i dagane før 17. mai skjer det langt fleire kollisjonar enn dei andre dagane i månaden.


TrygVesta Forsikring har analysert alle bilskadar melde til selskapet i perioden 2002–2008. Analysen viser at det skjer heile 40 prosent fleire skadar 15. mai enn andre dagar denne månaden. 16. mai skjer det 39 prosent fleire skadar.

– Vi ser ein klar tendens til at stress i samband med inngangen til ulike høgtider gjer seg utslag i form av fleire bilskadar, seier senior skadesjef Ketil Voll i TrygVesta. Han meiner det er mykje stress knytt til innkjøp før nasjonaldagen. Det skjer mellom anna ein god del småbulking utanfor kjøpesentra. Motsett er sjølve 17. mai ein dag med svært få bilskadar.

– Då har folk roa seg ned, meiner Voll.

Analysen til TrygVesta viser også at det skjer om lag 10 prosent fleire personskadar i trafikken i mai enn i april. Dette meiner Voll heng saman med at syklistar og tohjulingar for alvor vaknar av vinterdvalen, og at det er stor trafikk i samband med fleire utfartshelger.

Tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) underbyggjer analysen til TrygVesta. Dei siste tre åra har rundt 2.800 personar blitt skadde i trafikken i mai månad.

 **Ørsta Røde Kors**  
[www.orstarodekors.no](http://www.orstarodekors.no)



Bauten på Lianeset. Kransenedlegging 17. mai 2008.

ka att. Det vart reist eit minnesmerke på Lianeset.

På denne tida tenestegjorde eg i Tysklandsbrigaden og kom først heim sommaren 1947. Eg kontakta Engelsingård, kontaktmann for Sides, og fortalde om fallskjermen. Han meinte eg skulle teie, då dette berre ville skape uvisse. Eg arbeidde då i Ålesund, og hadde ingen kontakt med Sides.

### Til Australia

Men fleire meinte eg burde kontakte Sides om funnet, og eg fekk ikkje heilt fred. Eg kom i hug at to dagar etter funnet av fallskjermen kom fem tyske soldatar til gards og spurde om eg hadde kontakt med allierte flygarar. Dei vart fylgde av kommandanten i Skorgeura, Untergefreider Hanhbruch. Eg nekta alt, og dei gjekk. Same kveld gøyndte eg skjermen i Skorgeura.

Det vart klart at eg måtte overleva skjermen personleg. Eg søkte hyre hos Wilhelmsen og turen gjekk til Australia. I Melbourne traff eg systra Audrey, og på neste tur foreldra til Gordon Sides. Dei tok imot meg på beste måte. Eg vart avhøyrd av to offiserar frå RAAF og ein frå etterretninga og fortalde alt eg såg. Konklusjonen var at Sides kunne ha overlevd, men drukna i sjøen eller vart teken til fange etterpå.

Det var rørende å sjå sorga og fortvilninga over tapet av einaste sonen som sette livet til i ein norsk fjord i kampen mot nazismen. Familien kom til Ørsta i 1952, og i 1962 var Sides i Ørsta siste gongen. Dorothy var då død. Eg fylgde han og dottera til Lianeset. Bautanen hadde då byrja å forfalle. Sides fortalde at han i 1947 hadde depnert 500 kr (to månadsløner) i Ørsta kommune til vedlikehald. Eg lova han å halde plassen og bautanen vedlike, noko eg har freista etter beste evne. Audrey vitja meg og Lillian fleire gonger, og vi vart nærre vener. Audrey Sides døydd sist vinter.

### Seremoniar på Lianeset

Takka vere Norske Reserveoffiserers Forbund har det vore ein seremoni på Lianeset ved bautanen i mange år, sjølv sagt den 17. mai. Dette har vorte eit viktig symbol for alle dei 54 australiarane som

miste livet i Noreg under desse farlege operasjonane.

I år 2000 fekk eg telefon frå Audrey som var kontakta av skvadronleiar Neil Smith. Eg inviterte han til Ørsta, og han takka ja. I Oslo fekk han møte Gunnar «Kjakan» Sønsteby og krigsflygar Laurits Humlen. I Ålesund møtte han legenda Joachim Rønneberg. Smith hadde i alle år vore uroa og tvilande: Var det han som hadde skote ned kamaratane med «friendly fire»? Filmen han hadde med seg frå åttaket kunne reise tvil. Eg kunne fastslå at flyet vart råka av tysk eld, møtet mellom oss vart dekt av Dagsrevyen. Seremonien på Lianeset vart ei sterk oppleving. Neil stilte i full uniform frå krigen, med brystet fullt av medaljar.


### Besøk i Ørsta

Neil Smith vitja Ørsta to år seinare, 84 år gammal, og gjorde eit sterkt inntrykk på alle som møtte han. Han forelska seg i Ørsta og ville attende, men døydd i 2003. Året etter kom dottera Shellie Peardon, dotterdotter Melissa Parker og mannen Michael til Ørsta saman med nevø av James Hakewill. Dei fekk laga ei minneplate over Neil som vart montert ved sidan av bautanen. Denne vart betalt av Skorgeura Grendelag. NROF laga til rundt med kjetting og stålsepter. Etter ynskje frå Neil vart det oversendt ein sjekk på 5000 australske dollar til vedlikehald. Ørsta Rotaryklubb påtok seg ansvaret for dette. Det har sidan vorte innsamla eit tilsvarende beløp. Vi vonar at alt vil vere i orden til 17. mai, då døtrene til Neil kjem til Ørsta.

Vi har ikkje lov å gløyme denne innsatsen som var viktig for vår felles fridom. Ørsta har fått ein eigen stand på flymuseet i Mildura. I august 2008 kom Major General Ian Campbell Gordon til Ørsta saman med kona og Brigade General Roy Grøttheim. Far til Gordon deltok i operasjonane langs Norskekysten og Ian har skrive boka Strike And Strike Again. Han er sjef for UNTSO i Jerusalem.

Dette er det viktigaste krigsminnet i Ørsta, og ei verdifull påminning om fridom, demokrati og vilje til å forsvare umistelege verdier.

**Sverre Hagen**



Fred Sides.



– Bautanen på Lianeset er det viktigaste krigsminnet i Ørsta og ei verdifull påminning om fridom, demokrati og vilje til å forsvare umistelege verdier, seier Sverre Hagen.